

SAMMEN
OM



Miljøløftet

Tilleggsnotat til

«Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029»

2025

Innhold

Forord	3
1. INNLEIING	4
1.1. Definisjonar	4
2. OVERSIKT OVER INNFARTSPARKERINGAR	4
3. AVGRENSEND AV INNFARTSPARKERINGSSTRATEGIEN	5
4. BILLETTPAR	5
5. PRINSIPP FOR INNFARTSPARKERING	5
5.1. Parkeringskontroll	5
5.2. Tilbodsstandard	6
5.3. Marknadsføring	8
5.4. Tilknytingsform	8
6. TA FORVALTNINGA AV DET OVERORDNA OG STRATEGISKE ANSVARET FOR INNVARTSPARKERING INN I MILJØLØFTET-ORGANISERINGA	9
6.1. Skildring av rolle og ansvar	9
6.1.1. Bane NOR/Jernbanedirektoratet	9
6.1.2. Statens vegvesen	9
6.1.3. Vestland fylkeskommune	9
6.1.4. Kommunane i Miljøløftet	9
6.1.5. Styringsgruppa for Miljøløftet	9

Forord

På bestilling frå styringsgruppa for Miljøloftet har ei administrativ arbeidsgruppe utarbeidd forslag til tilleggsnotat til gjeldande strategi for innfartsparkering i byvekstområdet, «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering, 2022-2029». Føremålet med tilleggsnotatet er å byggje vidare på gjeldande strategi for å styrke samordninga mellom partane i Miljøloftet.

Arbeidsgruppa har hatt følgjande samansetning:

- Alver kommune, ved Arne Eikefet
- Askøy kommune, ved Hanne Thuen og Eva Helland Herdlevær
- Bergen kommune, ved Christian Johan Alstad
- Bjørnafjorden kommune, ved Elisabeth Strøm-Olsen og Kaisa Tonheim Banne
- Øygarden kommune, ved Råmund Skjold og Christoph Beidenhauser
- Vestland fylkeskommune, ved Bjarte Havdal Tangenes
- Bane NOR – representerer Jernbanedirektoratet, ved Trine-Marie Molander Fjeldstad
- Statens vegvesen, ved Astrid Elina Ådnanes

Vestland fylkeskommune har leia gruppa.

Relevante saker i styringsgruppa:

Vedtak om oppretting av arbeidsgruppe: 76/24 Innfartsparkering i byvekstområdet

Vedtak om mandat for arbeidsgruppe: 23/25 Mandat til arbeidsgruppe for innfartsparkering

1. Innleiing

Dette dokumentet er eit tilleggsnotat til eksisterande strategisk styringsdokument for innfartsparkering. Det inneber ikkje ein revisjon av strategien. Tilleggsnotatet er utarbeidd for å supplere og byggje vidare på eksisterande strategi og prinsipp. Det er ikkje vurdert at nye føringar etablert gjennom tilleggsnotatet vil vere i motstrid til eksisterande strategi, men ved eventuell motstrid skal strategien ha forrang framfor tilleggsnotatet.

Bakgrunnen for tilleggsnotatet er at ny strategi legg opp til tettare samarbeid og samhandling mellom partane gjennom Miljøloftet. Erfaringane frå dei første åra med ny strategi syner at det er eit gap mellom forventingar og faktisk praksis.

For å oppnå ein praksis som i større grad samsvarer med intensjonen i strategien har ein valt å etablere fleire felles prinsipp for partane i Miljøloftet. Desse prinsippa skal bidra til ei meir heilskapleg tilnærming til forvaltinga av tilbodet.

I arbeidet med tilleggsnotatet har det vore viktig å balansere omsynet til stadeigne forhold med ønsket om at innfartsparkeringstilbodet skal vere einskapleg og føreseileg for brukarane.

1.1. Definisjonar

Miljøloftet legg følgjande definisjonar knytt til innfartsparkering til grunn:

Forvaltning: langsiktig styring, politikk og reglar – f.eks. utarbeiding av politikk, fastsetting av parkeringstakst, kontraktsforvaltning, endring av bruksføremål.

Drift: dagleg oppfølging av parkering – f.eks. reinhald, snørydding og strøing, parkeringskontroll, skiltinformasjon.

Vedlikehald: teknisk og fysisk ivaretaking av arealet – f.eks. asfaltering, oppmerking av parkeringsareal, reparasjon av skilt og lysapparat.

2. Oversikt over innfartsparkeringar

Partane i Miljøloftet skal opprette ei offisiell oversikt over kva parkeringar i byvekstområdet som vert rekna som innfartsparkeringar i Miljøloftet. Oversikta definerer omfanget av strategien, og skal vere tilgjengeleg for alle partane.

Oversikta skal innehalde følgjande om kvar parkering

- tal på parkeringsplassar for bil og forflyttingshemma, irekna belegg
- tal på parkeringsplassar for sykkel (vanlege, boks, el)
- tal på ladestasjonar
- drifts- og vedlikehaldsansvarleg
- eigarforhold
- om parkeringa er varig eller mellombels
- om det er tilrådd med parkeringskontroll
- om det er innført parkeringskontroll
- kva innfartsparkeringskategori parkeringa er i
- om parkeringa er i tråd med ambisjonsnivå for kategori
- om det er brukarbetaling

Styringsgruppa skal behandle oversikta årleg. I den årlege revisjonen skal ein òg inkludere planlagde innfartsparkeringar.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å produsere den årlege saka, i samarbeid med dei andre partane i Miljøloftet.

3. Avgrensing av innfartsparkeringsstrategien

Gjennom årleg behandling av oversikt over innfartsparkeringar definerer styringsgruppa omfanget av strategien. Parkeringar som er omtalt i oversikta blir rekna som Miljøloftet-innfartsparkeringar. Dei strategiske føringane for innfartsparkering er gjeldande for desse parkeringane.

4. Billettypar

Ved innfartsparkeringar i byvekstområdet skal det som hovudregel vere eit tilbod for alle som har gyldig kollektivbillett. Det bør vere mogleg å kvalifisere til gyldig parkeringsbevis anten ein reiser med enkeltbillett eller periodebillett.

Ved eventuell brukarbetaling er det mogleg å prisdifferensiere. Brukarbetaling må vere i tråd med allereie eksisterande føringar skildra i strategien.

5. Prinsipp for innfartsparkering


Prinsipp skildra i dette kapittelet kjem i tillegg til allereie eksisterande prinsipp definert gjennom strategien.

5.1. Parkeringskontroll

Parkeringskontroll inneber å kontrollere at parkerande står parkert i tråd med gjeldande lovar og reglar. I tillegg til dei allmenne reglane for parkering inneber parkeringskontroll i byvekstområdet kontroll av at den parkerte har gyldig parkeringsbevis henta gjennom kollektivbillett.

Parkeringskontroll handlar derfor om å følgje opp reglane for bruk av parkeringsplassen – anten brukar parkerer gratis eller mot betaling.

Gjennom tilleggsnotatet har ein etablert ei tilnærming for å sikre meir føreseileg og einskapleg forvaltning av parkeringskontroll av innfartsparkeringar.



Figur 1: Illustrasjon av inndeling av innfartsparkeringar for parkeringskontroll

Innfartsparkeringar som tilfredsstiller minimum eitt av følgjande kriterium kan vurderast for parkeringskontroll:

- Innfartsparkeringa ligg i det som er definert som A, B₁, eller B₂-område i gjeldande ABC-kart for bergensområdet
- Innfartsparkeringa har minimum 25 ordinære parkeringsplassar
- Innfartsparkeringa har eit belegg på 85 % eller høgare ved to målingar på rad med minst sju dagars mellomrom

Alle innfartsparkeringar som er aktuelle skal ha ei dokumentert vurdering. Vestland fylkeskommune har ansvar for at vurderingane blir gjort. Vurderinga skal ende med ei tilråding til Miljøloftet for eller mot innføring av parkeringskontroll. Det er grunneigar som avgjer om det blir innført parkeringskontroll.

Prinsipp

- Som hovudregel bør det vere parkeringskontroll ved aktuelle innfartsparkeringar i byvekstområdet. Stadeigne forhold eller samfunnsøkonomiske prinsipp kan likevel føre til at ein etter vurdering vel å ikkje ha parkeringskontroll ved ei aktuell innfartsparkering.
- Partane søker som hovudregel å nytte Skyss sin gjeldande parkeringskontrollør. Skyss har høve til å reservere seg frå å gjennomføre parkeringskontroll etter eigne vurderingar.

5.2. Tilbodsstandard

Det er eit sentralt mål at brukarane har ei god og føreseieleg oppleving når dei parkerer ved innfartsparkeringane. Det skal kome klart fram at dei er på ei innfartsparkering.

Innfartsparkeringane bør vere like innafor visse kriterium, og samstundes ta høgde for stadeigne forhold. Samstundes heiter det i byvekstavtalen at «tiltak skal ha ein nøktern standard». Det er derfor viktig å vurdere tiltaka knytt til tilbodsstandard ut i frå kva grad dei innfrir hovudføremålet sitt.

For å sikre ei meir heilskapleg tilnærming til nødvendig differensiering, er det etablert tre kategoriar med definerte ambisjonsnivå for tilbodsstandard. Tabellen nedanfor skal fungere som ei rettleiing i vurderinga av kva kategori den enkelte innfartsparkering bør plasserast i. Vurderinga opnar for bruk av skjønn.

Kategori	A	B	C
Kollektivtilbod i rushtid – tal på avgangar utan bytte mot Bergen sentrum mellom 06-08	Minimum 15 avgangar	Minimum 5	Ingen krav
Tid til Bergen sentrum	0-30 minuttar	31-90 minuttar	Ingen krav
Storleik	Minimum 100 plassar	Minimum 20	Ingen krav
Gjennomsnittleg belegg	Minimum 75 %	Minimum 25 %	Ingen krav

Tabell 1: Rettleiar for kategorisering av innfartsparkeringar

Når ein skal vurdere kva kategori ei innfartsparkering bør plasserast i, kan ein òg leggje vekt på planstatus for området – særleg kor lenge innfartsparkeringstilboden er venta å vere i drift. For innfartsparkeringar med mellombels status, er det lågare forventningar til tilbodsstandard dersom høgare standard medfører vesentlege investeringar.

Tabellen under syner ambisjonsnivå for dei ulike kategoriane for innfartsparkering. Kategoriseringa er rettleiande for tilbodsstandard.

Tilbod	Kategori A	Kategori B	Kategori C
Registrert i parkeringsregisteret til Statens vegvesen	X	X	X
Oppmerka parkeringsareal	X	X	X
Belysning	X	X	X
Skildra på Skyss sine nettsider og integrert i kart i reise-app	X	X	X
Tilgjengeleg informasjon om tilknytt kollektivtilbod	X	X	X
Sykkelparkering	X	X	X
Leskur på tilknytt haldeplass	X	X	X
Ladeplassar	X	X	

Skilta med Skyss-skilt	X	X
Dedikerte plassar til samkøyring	X	X
Skilt på hovudveg	X	
Venterom	X	

Tabell 2: Rettleiande ambisjonsnivå for kvar kategori

Prinsipp:

- Innfartsparkeringar i byvekstområdet skal vere kategorisert ut i frå faktorane skildra over
- Som hovudregel skal ein søkje å oppnå ambisjonsnivået skildra for kvar kategori

5.3. Marknadsføring

Styrking og samordning av arbeidet med marknadsføring er eit lite kostnadskrevjande tiltak for å maksimere effekten av tilbodet. Det er derfor trond for å styrke felles marknadsføring av tilbodet. På generell basis er det eit effektivt tiltak for nullvekstmål og framkome i sentrumsområda at bildelen av reisa blir så kort som mogleg.

Prinsipp:

- Skyss er hovudkanal for marknadsføring av innfartsparkeringar som ikkje er eigd og forvalta av Bane NOR
- Minst éin gong i året bør kommunane og Skyss køyre ein kampanje der dei orienterer om tilbodet på sine kanalar
- Alle innfartsparkeringar bør vere oppdaterte på nettsida til Skyss og integrert i kartet til reise-appen
- Alle kommunane bør på eigen nettside ha ei lenke til relevant side på nettsida til Skyss
- Det bør vere særleg fokus på innfartsparkeringar med lågt belegg, og innfartsparkeringar som ligg utanfor strekningar der det blir kø
- Det bør vere god informasjon om kollektivtilbodet ved innfartsparkeringa og på nett
- Som hovudregel bør ein omtale innfartsparkeringa med same nemning som tilknytt kollektivhaldeplass

5.4. Tilknytingsform

Partane i Miljøløftet kan anten eige eller leige innfartsparkeringsplassar. Føremålet med leige er å auke dekningsområdet for innfartsparkering utan å måtte gjere permanente inngrep. Leige av areal kan være eit særleg føremålstenleg alternativ der alternativet medfører vesentlege investeringskostnader eller større naturinngrep.

6. Ta forvaltninga av det overordna og strategiske ansvaret for innfartsparkering inn i Miljøløftet-organiseringa

Gjennom dette tilleggsnotatet til strategien definerer partane i Miljøløftet felles prinsipp for parkeringskontroll, tilbodsstandard, marknadsføring og tilknytingsform. Prinsippa gir partane strategiske føringar for det vidare arbeidet, og skal gi ei meir heilskapleg tilnærming til innfartsparkering i byvekstområdet.

Vidare får styringsgruppa utvida strategisk mynde gjennom årleg behandling av kva parkeringar som skal inngå som del av strategien.

Partane i Miljøløftet skal søkje å følgje dei etablerte prinsippa.

6.1. Skildring av rolle og ansvar

Alle partane i byvekstavtalen, med unntak av Statsforvaltaren, har ansvar for drift og vedlikehald av innfartsparkeringar. Vegeigarprinsippet ligg til grunn for fordelinga av rolle og ansvar. Alle partane skal bidra med relevant informasjon om sine parkeringar for å sikre god forvaltning av tilbodet.

6.1.1. Bane NOR/Jernbanedirektoratet

Bane NOR har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av innfartsparkeringar i tilknyting til jernbane i heile Norge. I byvekstområdet er Bane NOR sitt drift- og vedlikehaldsansvar avgrensa til innfartsparkeringa ved Arna stasjon.

6.1.2. Statens vegvesen

Statens vegvesen har som hovudregel ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av innfartsparkeringar langs riksveg, og på tomtar Statens vegvesen eig.

6.1.3. Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har som hovudregel ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av innfartsparkeringar langs fylkesveg, og på tomtar fylkeskommunen eig. Fylkeskommunen har vidare ei koordinerande rolle og eit særleg ansvar for å vedlikehalde, oppdatere og gjere tilgjengeleg dei felles systema partane i Miljøløftet nyttar for å forvalte innfartsparkeringstilbodet.

6.1.4. Kommunane i Miljøløftet

Kommunane har som hovudregel ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av innfartsparkeringar kommunane eig.

6.1.5. Styringsgruppa for Miljøløftet

Styringsgruppa for Miljøløftet har hovudansvar for styring og koordinering av Miljøløftet, irekna innfartsparkering. Styringsgruppa definerer avgrensinga av strategien gjennom årlege vedtak.